

Saksbehandlar: Aud Jonstad Baardsen
Avdeling: Kulturavdelinga

Sak nr.: 10/6776-3

Høyring - Ungdommens Kulturmonstring - Strategiplan 2010-2014

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for kultur tek saka til vitande.

Prenta vedlegg:

1. UKM Norge Strategiplan for Ungdommens Kulturmonstring

Uprenta vedlegg:

Vidareutvikling av Ungdommens kulturmonstring – et fylkeskommunalt ansvar, brev frå UKM Norge (10/6776-1)

Saksframstilling

1. BAKGRUNN

I samråd med Kultur- og Kyrkjedepartementet gjennomfører UKM Norge ein forankring-prosess i alle fylka. UKM Norge har sendt brev til alle fylke der dei ber oss om å gje uttale til strategiplanen for det nasjonale UKM - arbeidet. I tillegg oppmodar styret i UKM Norge fylka til å fremje ei sak om politisk forankring i kvart fylke, samt ein gjennomgang av UKM i eige fylke. UKM Norge har i 2010 hatt møter med fylkeskommunane. Torstein Siegel, dagleg leiar for UKM Norge møtte i Sogn og Fjordane fylkeskultursjefen, assisterande fylkeskultursjef og sakshandsamar UKM.

Historikk

Det var fylkeskultursjefkollegiet som tok initiativ til UKM i 1985. Fylkeskommunen vert rekna som eigar av det regionale UKM nivået. Ungdommens Kulturmønstring blir av regjeringa definert som ein av tre satsingar på barne- og ungdomskultur; 1.Kulturskulane er læringsarena, 2. Den kulturelle skulesekken er oppleving og inspirasjon og 3. UKM skal vere eit landsomfattande visningsarena – open for all ungdom.

Ungdommens Kulturmønstring har vore ein visningsarena for ungdom mellom 10 og 20 år sidan 1985. Det er kommunar, fylkeskommunar og stat som driv og finansierar UKM. Om lag 25 000 ungdomar deltek kvart år på om lag 380 kommunemønstringar med ulike kulturuttrykk som musikk, dans, kunst, video m.m. I tillegg er mange unge engasjert i gjennomføringa av UKM på alle nivå, teknikk, konferansier, vakthald, kafedrift, foto og videoproduksjon. Dette er eit lågterskel tilbod der alle har høve til å delta.

I Sogn og Fjordane er som oftast alle kommunane med, nokre arrangerar lokale mønstringar saman med nabokommunen, Stryn og Hornindal er eit døme på det. I fylket vårt er det om lag 1 200 ungdomar som deltek på dei lokale mønstringane. Vi har ei av dei største fylkesmønstringane i landet.

Mange talent får ein arena gjennom UKM og mange av dei som er etablerte artistar i dag, har vore deltakarar på UKM. Døme på dette er Fabel, Pink Robots, Eva Weel Skram, Mariann Thommassen, Ungdomskulen og mange fleire. Sogn og Fjordane har også to gonger representert Norge i Juenesse Musicales i Paris og har fleire gonger hatt med deltakarar på Ung i Norden.

I starten vart fylkesmønstringa i Sogn og Fjordane flytta rundt om i fylket. Det har vore arrangert fylkesmønstring i Dale, Årdal, Sandane, Sogndal, Stryn, Florø. Etter kvart vaks arrangementet seg så stort med så mange deltakarar at det vart hensiktsmessig å arrangere på same staden kvart år. Fylkesmønstringa har i mange år vorte arrangert i Førde.

I 2010 var bulystprosjektet på Eid avslutta og den permanente rockescena for Nordfjord, Gymmen, sto ferdig. Det var naturleg og innvie rockescena i samband med UKM fylkesmønstringa og Malakoff stod som teknisk arrangør. Samarbeid med vidaregåande skule på Eid og deira ungdomsbedrifter m.a. i samband med kunstutstilling, kafedrift, vakthald og informasjon, med Malakoff og deira arrangørkompetanse og Operahuset med sin stab var ei svært god erfaring. Operahuset Nordfjord ønska å arrangere fylkesmønstringa i 2011 og dei blir teknisk arrangør av fylkesmønstringa i 2011.

I starten av UKM, for 25 år sidan, tok det fleire år før alle kommunane var med og det tok tid å forankre dette arrangementet lokalt. No har alle lokale arrangørar sitt "eige stempel" på UKM, noko som gjev ein identitet til dei ungdommane som bur i kommunen. Norsk Kulturråd hadde ansvaret for det nasjonale sekretariatet i starten. Sidan 1991 har UKM festivalen (landsmønstringa) vore i Trondheim. Der ligg òg sekretariatet til UKM som no er organisert som eit kommunalt foretak eigd av Sør-Trøndelag fylkeskommune.

UKM er eit arrangement som går over heile året og om lag slik:

- nettverksamling for fylkeskontaktane, sep.
- informasjon og materiell ut til kommunane, sep.
- elektronisk påmelding, ajourføring av info på våre nettsider om tid og stad for neste mønstring, november
- starte med å finne personar til dei ulike jobbane på fylkesmønstringa og planlegge gjennomføring
- support kommunane
- fylkesmønstring mars/april
- informasjon til deltakarar som skal til landsmønstringa
- planleggja og gjennomføre reise og opphald for ca 30 ungdomar til Trondheim
- "opprydding" og evaluering

2. Strategiplan UKM Norge

UKM Norge har på vegne av Kulturdepartementet det nasjonale ansvar for UKM og skal sørge for at utviklinga er i tråd med oppdraget formulert i årlege tildelingsbrev.

UKM skal stimulere og synleggjere ungdommen sine kulturelle aktivitetar – lokalt, regionalt og nasjonalt.

I Sogn og Fjordane har fylkeskommunen ansvar for UKM og det er fylkeskommunen som er ein pådrivar for UKM arbeidet i fylket. UKM arbeidet er forankra i fylkesplanar og i Kulturstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune og får kvart år sin eigen budsjettpost i kulturbudsjettet.

UKM Norge har utarbeidd eit framlegg til strategiplan der visjonen er at UKM skal bli Noregs viktigaste visningsarena for unge talent.

Arena og arrangementsutvikling

1.1. Utvide og etablere strategiske samarbeid med partnerar.

Det blir i UKM Norge sitt strategidokument peika på samarbeidet mellom DKS, kulturskulane og UKM. Desse tre er sentrale ordningar i regjeringa sin kulturpolitikk for barn og unge. Der den kulturelle skulesekken skal gje impulsar, kulturskulen opplæring og UKM vere visningsarena for unge talent. Dei tre har mykje å lære av kvarandre, sentrale stikkord her er møtepunkt og fagdagar.

UKM Sogn og Fjordane har og har hatt godt samarbeid med mange ulike aktørar, ikkje minst ungdomsbedrifter på vidaregåande skular i fylket, ungdomsråd, kulturskular, ungdomar med ulike kompetanse og andre eldsjeler. Det er òg innarbeidd eit godt samarbeid med Malakoff Rockfestival. Dette samarbeidet må vere orientert mot dagsaktuelle problemstillingar som må løysast og som kan variere frå år til år.

Vårt fylke har eit tett samarbeid med kommunane vedrørande gjennomføring/organisering av kommune- og fylkesmønstring, men vi har ikkje formelle avtaler om utvikling/gjennomføring av UKM i kommunane.

Stort sett alle kommunar i fylket arrangerer kvart år lokale mønstringar, men alle gjer det på sin måte med sine ressursar, både i høve økonomi og personalressursar. Det at kommunane

kan gjere det på sin måte, er kanskje den einaste måten å få gjennomført lokale mønstringar på i alle kommunane. Skal vi legge sterke føringar på korleis lokale mønstringar skal gjennomførast med for mykje fokus på kvalitetsheving og kvalitetssikring kan dette føre til at nokre kommunar ikkje vil arrangere lokalmønstring. Alternativet kan vere at fleire kommunar slår seg saman og mønstringane blir større, dette kan virke positivt både i høve talet på deltakarar og publikum.

1.2. Stimulera til større bredde og auka deltaking

I UKM Norge sin strategiplan er det uttalt at UKM skal bli talentarena nummer ein.

Fylkesdirektøren vil påpeike at det viktigaste med UKM er at det er ope for alle som likar å opptre og vise fram det dei driv med. UKM må ikkje bli ein arena der talentdyrking tek over for gleda av å opptre og delta. Fylkesdirektøren vil peike på at det å vere talentarena nummer ein kan gå på kostnad av arbeidet for breidda. UKM har mest deltaking innan musikk, dans og kunst. Det hadde vore ønskeleg med større deltaking innan litteratur og teater.

UKM er ein arena der ein kan sjå det fleirkulturelle Noreg på ein god måte og der det er rom for alle, men som på alle andre områder kan ein bli betre til å oppmuntre alle til å delta.

1.3. Kartlegge og gjennomføre internasjonal utveksling og samarbeid

UKM Norge ynskjer å arbeide vidare med internasjonale utvekslingar som Art Connexion, Imagine festivalene, Jeunesse Musicales, Kunstbende, Jugend kulturpreis, utveksling i nordområdene og eksisterande regionale utvekslingsprosjekt.

Ung i Norden var eit utvekslingsprosjekt som vart arrangert annakvart år med nordisk ministerråd som økonomisk støttespelar. Dessverre er økonomiske støtta frå ministerrådet borte og det er slutt på denne festivalen. Av dei festivalane UKM Norge har samarbeidd om, vil vi peike på Ung i Norden som den viktigaste, spesielt fordi den gav rom for fleire deltakarar frå kvart land. Vi vil oppmode UKM Norge om å arbeide for å vidareføre Ung i Norden.

Omdømme

2. Auka kjennskap og forståing blant alle målgrupper.

For å vere ein tydeleg aktør må UKM Norge utvikle målretta strategiar for kommunikasjon.

Det er vårt syn at UKM Norge har ikkje same gjennomslag i nasjonale media som fylka og kommunane har i regionale media. Omdømme har alltid vore viktig for UKM Sogn og Fjordane. I vårt fylke har vi vore så heldige at NRK Sogn og Fjordane har vist stor interesse for UKM og sendt mange timar kvart år frå fylkesmønstringa. Dette vert lagt merke til og ein er kjend med at det sentralt vert arbeidd for at andre lokale NRK kontor skal gjere det same etter mal som Sogn og Fjordane. Lokalpressa i fylket har òg god og fylldig dekninga av dei lokale mønstringar i tillegg til fylkesmønstringa. Det er ei glede å notere at om lag alle omtaler UKM positivt.

Det er viktig at UKM Norge arbeidar aktivt for å auka kjennskapet og forståinga av UKM.

Organisasjon og kompetanse . Kompetent og endringsvillig nettverksorganisasjon

3.1. Ungdom skal involverast og ansvarleg gjerast i alle ledd.

UKM Norge skal jobbe systematisk for å auke ungdomsmedverknad. UKM Norge peikar på at det er viktig med ungdomsmedverknad i UKM systemet og at arbeidet med Ungdommens referansegruppe (URG) må styrkast.

Kvart fylke har ein representant i den nasjonale Ungdommens referansegruppe (URG). Det er Marie Tungevåg som representerer Sogn og Fjordane. Ho er elev ved Firda vg. skule og har

vore med som friviljug i ulike oppgåver på fylkesmønstringa i mange år. Marie Tungevåg er leiar av den nasjonale gruppa URG.

UKM i Sogn og Fjordane har alltid hatt eit tett samarbeid med ungdom i høve gjennomføring av mønstringane både lokalt og på fylkesnivå. I mange kommunar er det ungdomsråda som står for gjennomføring av UKM. Det er viktig å styrkje dei unge si deltaking i alle ledd.

3.2. Stabil finansiering og aktivt eigarskap på alle nivå

Det blir i forslag til strategiplanen peika på at det er viktig med tydelege fylkesledd i UKM samarbeidet. Fylka må ha eigarskap både oppover til landsfestivalen og nedover til kommunemønstringane. Det må arbeidast for at det er aktivt eigarskap både på fylkesnivå og lokalnivå og at det blir arbeidd for å sikre naudsynt finansiering og vidareutvikling.

Utfordringa til UKM ligg i den lause strukturen. UKM er ein nettverksorganisasjon som består av om lag 400 økonomiske og administrative sjølvstendige kommunar over heile landet. I Sogn og Fjordane tek alle kommunane ansvar for UKM, men det er ei utfordring for arrangørar å sikre nok økonomi, tid og ressursar til å gjere jobben godt nok i ein travel kvardag med mange andre oppgåver.

3.3. Stimulere og utvikle nettverksorganisasjonen på alle nivå

UKM Norge ynskjer å styrke og utvikle nettverksorganisasjonen på alle nivå. Dette vil dei gjere ved å gi fylkeskontaktane ansvar og utfordringar i nasjonale saker.

UKM arrangementet har utvikla seg til å bli eit stort og arbeidskrevjande arrangement også på fylkesnivå. Dersom fylka skal ta utviklingsoppgåver på nasjonalt nivå, må det tilførast naudsynte ressursar. Slik fylkesdirektøren ser det, er samarbeid med UKM Norge godt og organiseringa fungerer tilfredstillande.

Vi har ikkje eiga handlingsplan for arbeidet i UKM Sogn og Fjordane. Når det gjeld forankring er UKM forankra i gjeldane Fylkesplan der det står "Vi vil halde fram arbeidet med Ungdommens kulturmønstring".

3. VURDERING OG KONSEKVENSA

Visjonen til UKM er at det skal vere Noregs viktigaste visingsarena for unge talent. Fylkesdirektøren tilrår at ei held fram med å leggje vekt på den unike i UKM der alle har høve til å delta uavhengig av talent eller andre eigenskapar. UKM må halde fram med å vera ein arena for alle.

UKM Norge stiller spørsmål om vi vil inngå ei forpliktande avtale med UKM Norge om utvikling av UKM. Fylkesdirektør meiner at så lenge UKM Norge held på fylkesnettverket og legg til rette for møteplassar og diskusjon ser vi det ikkje som naudsynt å inngå ei slik avtale.

UKM i er godt forankra i den politiske og administrative leiinga i Song og Fjordane fylkeskommune.

Det er viktig for UKM Norge å sikre seg at dei har ein organisasjons struktur som nettverket er fortruleg med og kan akseptere. Etter at prosjektperioden med Norsk Kulturråd var over vart UKM organisert som eit fylkeskommunalt føretak med Sør-Trøndelag fylkeskommune som eigar. Dette ville sikre effektiv drift samstunders som det sikra naudsynt økonomisk og politisk styring.

Andre organisasjonsformer er eit interkommunalt føretak eller eit statleg føretak. Fleire selskapsformer som kan vere aktuelle er stifting, aksjeselskap eller foreining. Slik vi ser det er

UKM tent med at ein fylkeskommune står som eigar, når nettverket elles er nøgd med drift og organisering av UKM.

Der er ikkje inngått forpliktande avtaler mellom kommunane og fylkeskommunen om utvikling av UKM, det er viktig at kommunane har høve å sette sitt eige preg på gjennomføringa og at det ikkje vert lagt for stramme rammer.

Med dei administrative ressursar ein har til rådvelde for UKM, er det vanskeleg å inngå forpliktande avtaler med UKM Norge om vidareutvikling av UKM, men gjennom fylkesnettverket vil vi bidra med erfaringar og idear til forbetring av UKM på alle nivå.

4. KONKLUSJON/TILRÅDING

Sogn og Fjordane seier seg nøgd med Strategiplan for UKM Norge med dei merkandar som er peika på. Vi meiner det er viktig at fylka får uttale seg om innhaldet i ei slik plan.